

# REGULERINGSFØRESEGN

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR: 14, 16, 17 OG 18.

STANGELANDSVÅGEN



Storebø

Oktober 2016

Rev: Desember 2018

## Innholdslista

1.	AVGRENSING AV PLANEN.....	3
2.	REGULERINGSFORMÅL.....	3
3.	BEBYGGELSE OG ANLEGG.....	3
3.1	Område for Fritids og turistføremål T1 – T24: .....	3
3.2	Område for Småbåtanlegg i sjø og vassdrag: .....	6
3.3	Område for Energinett – trafo: .....	7
3.4	Område for Uteoppholdsareal .....	7
4.	SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	7
4.1	Område for Veg:.....	7
4.2	Område for Parkering:.....	7
4.3	Område for Gangveg - gangareal: .....	7
4.4	Område for Gatetun – for bilar og folk: .....	7
4.5	Område for Kai .....	8
5.	GRØNNSTRUKTUR .....	8
5.1	Område for Friområde: .....	8
5.2	Område for badeplass: .....	8
6.	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG .....	8
6.1	Område for ferdsel: .....	8
6.2	Område for badeområde: .....	9
7.	Fellesbestemmelser.....	9
7.1	Bevaring av landskap og vegetasjon – attendeføring av landskap m.m.: .....	9
7.2	Universell utforming:.....	9
7.3	Utbyggingsrekkjefylje: .....	9
7.4	Kulturminne:.....	10
7.5	Omsynssone (kulturminnevern H570) .....	10
7.6	Faresone (stormflo):.....	11
7.7	Om byggegrense i plankart: .....	11

## 1. AVGRENSING AV PLANEN

Planområde er på 18,2 dekar medrekna sjøareal. Austsida av planområdet grensar mot same type naust som står i planområdet per dags dato, mens nord- og vestsida av planområdet grensar mot LNF areal. Sørsida av planområdet er meir ope med fleire naust langs sjøkanten ut mot sjøen.

## 2. REGULERINGSMÅL

Området vert regulert til fylgjande føremål:

<b>BEBYGGELSE OG ANLEGG</b>	
<b>M</b>	1160 Offentleg/privat tjenesteyting - Milljøstasjon
	1170 Fritids og turistføremål
<b>SBH</b>	1587 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
<b>S</b>	1542 Avløpsanlegg - Felles slamavskiljar
	1600 Uteoppfallsareal
<b>SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR</b>	
<b>f_PV / o_V</b>	2010 Veg
	2014 Gatetun - for bilar og folk
	2016 Gangareal
	2018 Anna veggrun - tekn. anlegg (mur)
<b>T</b>	2027 tekniske konstruksjoner -Trafo
	2041 Kai
<b>f_P / o_P</b>	2080 Parkeringsplass
<b>GRØNNSTRUKTUR OG LNFR</b>	
	3040 Friområde
<b>B</b>	3041 Badeplass
<b>BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG</b>	
	6100 Ferdseil
<b>B</b>	6710 Badeområde

## 3. BEBYGGELSE OG ANLEGG

### 3.1 Område for Fritids og turistføremål T1 – T24:

- 3.1.1 Innanfor dette området kan utleigebustader for overnatting for turisme oppførast i samsvar med planen. Næringsverksemda skal ha eit slikt omfang at det i seg sjølv, åtskilt frå anna næringsverksemd, minst går inn under skattelova sitt næringsomgrep. Utleige-bustadane skal nyttast for korttidsutleige.
- 3.1.2 Bygningane skal plasserast innanfor byggegrenser satt på plankartet, og innanfor arealformål avsett til fritids og turistføremål.
- 3.1.3 Bygningane skal ha ein tradisjonell utforming og materialbruk, som tek omsyn til det eksisterande sjøbruksmiljøet når det gjeld form, farge, plassering og storleik. Bygg skal vere forskjøvet horisontalt i forhold til kvarandre og det skal leggest vekt på

variasjon i høgde og breidde. Kommunen skal ved handsaming av byggesøknad sikre at bygg får ein god tilpassing til omgjevnadane og at utforming og materialbruk skapar ein harmonisk heilskap.

- 3.1.4 Eksisterande bygg på T1, T5, T14, T16 og T18 så langt som råd er bevarast. Ved søknad om tiltak skal alder og byggestil framleggast. Kommunen skal sørge for at kulturhistorisk verdi i området vert oppretthaldt ved riving/oppbygging/ombygging. Kommunen kan krevje at opphavleg bygg skal gjenreisast dersom bygg er vurdert til å ha kulturhistorisk verdi.
- 3.1.5 Eit kart som illustrerer situasjonsplan for plassering av bygningar skal følgje med ved innsending av byggesøknad.
- 3.1.6 Nye bygg skal byggjast minimum kote +2,3.
- 3.1.7 Grunnmur til nybygg skal vera i naturstein, eller i anna materiale som liknar naturstein.
- 3.1.8 Nye bygg skal ikkje ha vindauge i døra ved inngangspartiet, slik at nye bygg får same på inngangsparti som naust. Om ynskeleg kan det settast opp ei labankdør før inngangsdør med vindauge, slik at den kan stå open når folk er i bygget, mens den skal vera stengt då bygget er ubudd.
- 3.1.9 Der det ikkje skal byggjast kai i forkant av bygga skal bygga plasserast tett mot sjøkanten. Dette gjeld T14 – T16, T19, T20-T24 og deler av T13.
- 3.1.10 Bygningane skal i hovudsak utformast i tre med brannskiljande konstruksjonar, og være i samsvar med gjeldande byggeføresegner. Der det nyttast liggande trepanel til ytterkledning, skal denne vere ufalsa eller enkeltfalsa. Ståande panel kan òg nyttast.
- 3.1.11 Bygningane og bruken av dei må ikkje hindre fri ferdsle i strandsona. Arealet utanfor bygningane skal vere open for allmenta, og det er ikkje høve til å sette opp privatiserande tiltak som levegg.
- 3.1.12 Fyrste høgda kan nyttast til naust slik at ein opprettheld fiskerimiljøet som har vore i Stangelandsvågen også slikt som er ynskja av fiskarlaget.
- 3.1.13 Bygg skal vere brune, grå, oker, oransje, raude eller kvite. Det skal ikkje vere meir enn to bygg med lik farge ved sidan av kvarandre. Det skal ikkje vere meir enn 4 kvite bygg.
- 3.1.14 Takutstikk ved gesims skal vere maksimalt 40 cm. Gavl skal vere utan takutstikk. Det er ikkje tillete med flatt tak, altan/balkong, karnapp, takvindaug eller takterrasse.
- Takvinkel skal vere mellom 35° og 45°. Takteking skal vera betong takstein, tegl, naturstein eller anna naturmateriale med matt overflate.
- 3.1.15 Maks møne- og gesimshøgde og takvinkel vert synt på tabellen under.
- Møne- og gesimshøgde skal reknast ut frå ferdig planert terreng. Innmåling av eksisterande terreng skal sendast med byggesøknad før terreng-arbeid. Planert

terreng skal innmålast og sendast inn ved søknad om igangsetjing av byggetiltak.  
Eksisterande bygg kan ha same mønehøgde som dei har.

Tomt:	Maks høgde (m)	Gesimshøgde (m)	Takvinkel
T1	7,5	6,5	Mot sør
T2	7	6	Mot sør
T3	7,5	6,5	Mot sør, søraust eller aust.
T4	6,5	6	Mot aust
T5	7	6	Mot aust
T6	7,5	6,5	Mot aust
T7	6,5	5,5	Mot aust
T8	6,5	5,5	Mot aust
T9	6,5	5,5	Mot aust
T10	7,5	6,5	Mot sør eller aust.
T11	8	7	Mot sør eller aust.
T12	8	7	Mot sør eller aust.
T13	7	6	Mot aust, nord eller noraust.
T14	6	5,5	Mot aust eller nord
T15	6,5	5,5	Mot aust.
T16	9,5	8,5	Mot aust.
T17	6,5	6	Mot aust.
T18	8	7	Mot aust.
T19	6,5	5,5	Mot sør, søraust eller sørvest.
T20	6,5	5,5	Mot sør, søraust eller sørvest.
T21	7,5	6,5	Mot vest.
T22	7,5	6,5	Mot vest.
T23	7	6	Mot vest eller nordvest.
T24	7	6	Mot vest eller nordvest.

3.1.16 Utnyttingsgrad byggjeområde (BYA m<sup>2</sup>) og maks antal bygg på kvar tomt:

T1	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 120 m <sup>2</sup> .
T2	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 85 m <sup>2</sup> .
T3	Eit til tre bygg utnyttingsgrad som til saman ikkje overstig 180 m <sup>2</sup> . Største tillate storleik på eit enkeltbygg er 60m <sup>2</sup> .
T4	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 80 m <sup>2</sup> .
T5	Eit til to bygg utnyttingsgrad som til saman ikkje overstig 77 m <sup>2</sup> .
T6	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 80 m <sup>2</sup> .
T7	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 80 m <sup>2</sup> .
T8	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 50 m <sup>2</sup> .
T9	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 50 m <sup>2</sup> .
T10	Eit til to bygg utnyttingsgrad som til saman ikkje overstig 120 m <sup>2</sup> . Største tillate storleik på eit enkeltbygg er 60m <sup>2</sup> .
T11	Eit til to bygg utnyttingsgrad som til saman ikkje overstig 120 m <sup>2</sup> . Største tillate storleik på eit enkeltbygg er 60m <sup>2</sup> .
T12	Eit til to bygg utnyttingsgrad som til saman ikkje overstig 140 m <sup>2</sup> . Største tillate storleik på eit enkeltbygg er 70m <sup>2</sup> .
T13	Eit til to bygg utnyttingsgrad som til saman ikkje overstig 160 m <sup>2</sup> . Største tillate storleik på eit enkeltbygg er 80m <sup>2</sup> .
T14	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 45 m <sup>2</sup> .

T15	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 85 m <sup>2</sup> .
T16	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 170 m <sup>2</sup> .
T17	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 80 m <sup>2</sup> .
T18	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 77 m <sup>2</sup> .
T19	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 60 m <sup>2</sup> .
T20	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 60 m <sup>2</sup> .
T21	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 70 m <sup>2</sup> .
T22	Eit bygg med maks utnyttingsgrad på 80 m <sup>2</sup> .
T23	Eit til to bygg utnyttingsgrad som til saman ikkje overstig 120 m <sup>2</sup> . Største tillate storleik på eit enkeltbygg er 60m <sup>2</sup> .
T24	Eit bygg med maks grunnflate på 70 m <sup>2</sup> .

3.1.17 For å sikra variasjon i utbyggingsmønsteret skal nokre bygg byggast vegg i vegg, og nokon skal vera frittliggjande. Tabellen under sett krav til kvar tomt. Der det er krav om at nokon bygg skal byggast vegg i vegg treng ikkje desse å byggast ut samstundes, men den/dei fyrste som byggjer ut må pårekna at det kan komme eit bygg vegg i vegg seinare.

Bygg på T1 skal vera frittstående.
Bygg på T2 skal vera frittstående.
Bygg på T3 skal plasserast i grupper ved meir enn eit bygg.
Bygg på T4 kan plasserast fritt eller byggast vegg i vegg med bygg på T5.
Bygg på T5 kan plasserast fritt eller byggast vegg i vegg med bygg på T4.
Bygg på T6 skal vera frittstående.
Bygg på T7 – T9 skal byggast vegg i vegg.
Bygg på T10 skal plasserast i grupper ved meir enn eit bygg.
Bygg på T11 skal byggast vegg i vegg ved to bygg. Ved eit bygg kan det plasserast fritt, eller byggast vegg i vegg med bygg på T12.
Bygg på T12 skal plasserast i grupper ved meir enn eit bygg.
Bygg på T13 skal plasserast i grupper ved meir enn eit bygg.
Bygg på T14 – T18 skal vera frittstående.
Bygg på T19 – T20 kan byggast vegg i vegg, eller frittstående.
Bygg på T21 og T22 skal byggast vegg i vegg.
Bygg på T23 og T24 skal byggast vegg i vegg.

3.1.18 Parkeringsplassar inngår ikkje i BYA for T3-24. For T1-2 skal det etablerast to parkeringsplassar på kvar tomt, som inngår i BYA.

### 3.2 Område for Småbåtanlegg i sjø og vassdrag:

3.2.1 Område for flytebrygger/båutliggara og for manøvrering, opplag, fortøying av småbåtar langs brygger, kaier.

3.2.2 Eksisterande brygger og kaier med godkjent byggeløyve, kan fortsett vera slik dei er i dag. Mens utbygging av kaier, utlegging av flytebrygger/båutliggara, utfylling, m.m. vil krevja løyve frå kommunen jmf. havne- og farvannsloven § 27.

## STANGELANDSVÅGEN

- 3.2.3 Nye brygger som skal plasserast langs strandlinja skal plasserast på byggegrunn som er plassert høgare enn 1,8 moh. Trebrygger som elles ikkje skal byggjast på kan vera avslutta med høgde ikkje lågare enn kote 1,60.
- 3.2.5 Flytebrygger kan byggast i tre, betong eller i metall. Dei skal vidare ikkje vera lenger enn 7,5 meter inkludert landgang og ikkje større enn 15 m<sup>2</sup>. Kommunen kan godkjenne utlegging av større flytebrygger dersom desse skal vere felles for fleire brukarar av området.
- 3.2.6 Flytebrygger/båtutliggara skal plasserast innanfor område markert «sbh» på plankartet.
- 3.2.7 Bryggjene skal brukast i samband med utleigeverksemd samt som gjestebryggjer.

### 3.3 Område for Energinett – trafo:

- 3.3.1 Gjeld tekniske anlegg, trafo for straumtilførsel mv.

### 3.4 Område for Uteopphaldsareal

- 3.4.1 Område for uteopphaldsareal og inngangsparti mellom T5 – T12. Området skal ikkje nyttast til parkering, men kan nyttast som tilkomst til andre etasje for bygg.

## 4. SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### 4.1 Område for Veg:

- 4.1.1 Gjeld for tilkomst til alle byggeområda i planen. F\_PV er felles privatveg i den søre delen av planområdet, mens o\_KV er kommunal tilkomstveg.
- 4.1.2 Avkøyrslø frå Fv. 151 og inn mot tilkomstvegen skal hovudsakeleg skje ved avkøyrslø inn til Kv. 68 nord for Årland.

### 4.2 Område for Parkering:

- 4.2.1 Parkeringsplass o\_P er offentlig parkering. f\_P er felles parkeringsplass for T1-T24.

### 4.3 Område for Gangveg - gangareal:

- 4.3.1 Nyttast i hovudsak for ålmenn tilkomst til naustområde og strandsone.
- 4.3.2 Gangareal skal kunne nyttast av alle. Ein skal ikkje sperra igjen brygga med levegg, teiner, møblar og liknande. Kai og brygger framfor nausta er ein del av ålment gangareal.

### 4.4 Område for Gatetun – for bilar og folk:

- 4.4.1 Nyttast i hovudsak som område for opphald og leik for brukarane av planområdet. Gatetuna kan utstyrast med ting som planter, leikeapparat, benker, og liknande etter ynskje og behov.
- 4.4.2 Biltrafikk er mogeleg og skal skje på fotgjengarane sine premissar.

- 4.4.3 Køyrebanen skal ikkje markerast med kantstein eller på anna måte som gir høgdeforskjell mellom den og kringliggande areal.
- 4.4.4 Området for gatetun skal planerast jevnt ut og ha eit sklisikkert underlag. Gatetuna skal gjerast attraktive som opphaldsrom, og skal ha element som til dømes plantekasser, benker, små busker/trær, benk/sitteplass og liknande.

#### 4.5 Område for Kai

- 4.5.1 Faste brygger kan byggjast i tre, naturstein eller betong.
- 4.5.2 Kai føre T13 til T24 skal byggjast i naturstein eller tre. Det er høve til å ha betong i bakkant/under trekonstruksjonen, men denne skal ikkje vere synleg frå sjø.
- 4.5.3 Kai skal vere open for allmenta og skal ikkje privatiserast. Ein skal ikkje plassera hindringar i vegen som hindrar allmenn ferdsel, men ein kan avgrensa området midlertidig ved arbeid knytt til fiskeriverksemd.
- 4.5.4 Motor for drift av generatorar mv. skal ikkje vera i drift så lenge båten ligg ved kaien. Det skal heller ikkje førekomma vedlikehaldsarbeid på båtane som medfører støy eller ureining på sjøen.
- 4.5.5 Yrkesfiskarar kan byggja heilt ut til sjøkanten og treng ikkje kai i framkant av naustet, jf. § 27 i Havressurslova.

### **5. GRØNNSTRUKTUR**

#### 5.1 Område for Friområde:

- 5.1.1 Området skal ikkje byggjast på, men mellom anna nyttast som friareal.
- 5.1.2 Stiar kan opparbeidast, men berre dersom det ikkje er naudsynt med større terrenginngrep for opparbeidinga.

#### 5.2 Område for badeplass:

- 5.2.1 Område er avsett for bruk som badeområde på land. Grøntområdet på land skal planerast jevnt ut, med svak helling og ein må så grass. Området kan utbetrast ved å tilføra sand til strand, men før det kan gjennomførast må tiltakshavar ta kontakt med kommunen for å avgjera om det krevjast søknad.
- 5.2.2 Strand ved T1 kan brukast til båtoppdrag, men dette skal berre skje på ein slik måte at det ikkje er til hinder for allmenta sin bruk av stranda.  
  
Strand ved T24 skal ikkje brukast til båtoppdrag.

### **6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG**

#### 6.1 Område for ferdsel:

- 6.1.1 Område for båttrafikk i sjøområdet utanfor området for småbåtanlegg.



6.1.2 Ferdsel i sjøområdet brukast for tilkomst til småbåtanlegg, og andre byggeområder i planområdet.

## 6.2 Område for badeområde:

6.2.1 Område er avsett for bruk som badeområde i sjø og vassdrag. Området kan utbetrast ved å tilføra sand til strand, men før det kan gjennomførast må tiltakshavar ta kontakt med kommunen for å avgjera om det krevjast søknad.

6.2.2 Strand ved T1 kan brukast til båtoppdrag, men dette skal berre skje på ein slik måte at det ikkje er til hinder for allmenta sin bruk av stranda.

Strand ved T24 skal ikkje brukast til båtoppdrag.

6.2.3 Det er skal ikkje førekomma fortøying av båtar, og/eller leggst ut hindringar i badeområdet.

## 7 Fellesbestemmelser

### 7.1 Bevaring av landskap og vegetasjon – attendeføring av landskap m.m.:

7.1.1 Skjeringar og fyllingar skal gjevast ei tiltalende form og handsaming. Inngrep som bryt den naturlege terrengform bør unngåast.

7.1.2 Overskotsmasse frå gravearbeid, utsprengingar, nedringingar o.l. skal deponerast på godkjent fyllplass.

7.1.3 Døde tre og anna sterkt skada vegetasjon etter anleggsarbeid skal ryddast ut og erstattast med ny tilplantning.

7.1.4 Støttemurar skal som hovudregel utførast i naturstein. Murar med høgde over 1m skal byggjemeldast. Kommunen kan setja krav til utforming av murar og innhegningar, i tillegg kan kommunen stilla krav om samordning av overgangar mellom eigedomane.

### 7.2 Universell utforming:

7.2.1 Fellesareal, samt samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur skal opparbeidast med krav til universell utforming.

7.2.2 Det er høve til nivåsprang på kai dersom bevegelsehemmede kan ferdast på øvre del av kai.

### 7.3 Utbyggingsrekkjefylje:

7.3.1 Før igangsetjingsløyve vert gjeve skal det vere satt opp skilt som hindrar gjennomkøyrsløve på Stangelandsvegen.

7.3.2 Avkøyrsla ved Fv. 151 og inn på Kv. 68 må utbetrast før det vert gjeve løyve til igangsetjing av byggjetiltak. Avkøyrsla oppfyller pr. dags dato ikkje vegvesenets krav til friskt.

7.3.3 Infrastruktur med interne vegar, vatn og avlaupsanlegg, straum, skal vera ferdig utbygd, innmålt og med ferdigattest før igangsetjingsløyve utover grunnarbeid vert

gjeve. Nye tiltak skal kopla seg på eksisterande infrastruktur (veg, vatn og kloakk).

- 7.3.4 Permanent sikring langs vegbane i planområdet med høgare en 1 meters fall må byggast før nokon bygg gis ferdigattest.
- 7.3.5 Før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest vert gjeve skal det føreligge førehandsgodkjenning frå skatteetaten. Dokumentert godkjenning/førehandsgodkjenning skal leggjast ved byggesøknad.»
- 7.3.6 Grøntareal og badeplass sør for T12 i planområdet skal opparbeidast i samsvar med plankartet og føresegn 5.2.1 før nye bygg gis ferdigattest.
- 7.3.7 Området for gatetun skal opparbeidast i samsvar med plankartet og føresegn 4.4.4 før nye bygg gis midlertidig bruksløyve/ferdigattest

#### 7.4 Kulturminne:

- 7.4.1 I utbyggingsområdet skal utbyggjar ved funn av automatisk freda kulturminne, i samsvar med kulturminnelova § 8.2. ledd straks varsla Hordaland Fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga ved arkeologane. Arbeida stansast til forvaltningsstyremakt har vurdert funnstaden. Vidare skal det ved mudring/utfylling i sjø meldast frå til Bergen sjøfartsmuseum ved funn av kulturminne som skipsvrak, keramikk eller andre maritime kultur-minne. Arbeidet stansast til sjøfartsmuseet har undersøkt og eventuelt frigjeve området.

#### 7.5 Omsynssone (kulturminnevern H570)

- 7.5.1 Området er eit lokalt viktig sjøbruksmiljø. Alle søknadsploktige tiltak innanfor omsynssona skal leggast fram for regional kulturminneforvaltning før det fattast vedtak.
- 7.5.2 Bygg på T1, T5, T14, T16 og T18 er verneverdige. Det er ikkje tillatt å rive desse bygningane med mindre forfall/skade er dokumentert i eit slikt omfang at bygningen må reknast som tapt. Ved utbetring, reparasjon eller dersom ein skal føre opp att bygningen, skal opphavelige bygningsdelar i størst mogeleg grad takast vare på og brukast opp att i sin rette samanheng. Kommunen kan krevje at bygning vert ført tilbake til tidlegare dokumentert utsjånad.
- 7.5.3 Før igangsetting av tiltak innanfor T1, T5, T14, T16 og T18 skal det gjerast ei registrering, verdsetting og plan for sikring av verneverdig lokal arkitektur
- 7.5.3 Tiltak innafor omsynssona skal ta omsyn til tradisjonell byggestil, materialbruk og verneverdige enkeltbygg. Det skal sikrast enkelte større opningar mellom bygga, spesielt inntil dei tidlegare nemde enkeltbygga, slik at desse vert godt synlege i eit elles nytt bygningsmiljø.
- 7.5.4 Det må ikkje setjast i gong tiltak som kan skade øydelegge, endre, dekke til eller på anna måte skjemma kulturmiljøet.

7.6 Faresone (stormflo):

7.6.1 Det er lagt inn faresone for stormflo på T1 – T24. Faren er vurdert til opp til 2,3 moh. Faresoneområdet omfattar alt utbyggingsområde på dei nemnde tomtane ettersom dagens terreng vert endra under utbygging/planering.

7.6.2 Nye bygg skal ha ein kotehøgde på minimum 2,3 moh.

7.7 Om byggegrense i plankart:

7.7.1 Byggegrense er samanfallande med føremålsgrense dersom andre byggegrenser ikkje synast på plankart. Byggegrenser vil synast som stripla linjer i digitalt kartgrunnlag.

**Storebø: P. E. T. Flotve 26.10.2016**

*Rev: P. E. T. Flotve 23.05.2017 etter dialog med kommunen.*

*Rev: P. E. T. Flotve 02.06.2017 etter dialog med kommunen og vegvesenet.*

*Rev: P. E. T. Flotve 21.07.2017 etter tilråding frå kommunen.*

*Rev: P. E. T. Flotve 07.12.2017 etter tilråding frå kommunen.*

*Rev: P. E. T. Flotve 17.01.2017 etter vilkår frå plan og byggesak.*

*Rev: P. E. T. Flotve 03.08.2018 etter merknadshandsaming ved 1. gongs handsaming og endeleg uttale frå fylkeskommunen.*

*Rev: P. E. T. Flotve 26.11.2018 etter tilråding frå kommunen og endring av føresegn.*

*Rev: P.E.T. Flotve 20.12.2018 etter vilkår frå kommunestyret.*